

# DET NORSKE TEATRET



---

1946-47

# Ludvig Irgens Jensen



## Sang og piano.

Barnebilleder I og II

Altar

Den gamle

Lutad mot gärdet

Til kongen

## Mannskor m/klaver.

De brendte våre gårder

Idag står flaggstangen naken

# NORSK MUSIKFORLAG A.s

KARL JOHANS GT. 39



# S. Sahlin-Sveberg


## BUNTMAKER

Stortingsplass 7 II, Værelse 206

*Pelskåper på lager og etter bestilling*

Søker butikklokale i Centrum

b15g 116416



*Hans Jacob Nilsen*

Tegn Deres livsforsikring i

**GLITNE**

*det er god livskunst.*




## Ludvig Irgens Jensen.

Ludvig Irgens Jensen som vann prisen for ein dramatisk symfoni til Olavsjubileet i 1930, har eit vidkjent namn som komponist. Dei fyrste komposisjonane hans skriv seg frå 1918 og vart framførde i 1920. Forutan koralar, viser, romansar og songar for kor, har han laga store orkesterverk. Av dei mest kjende er «Tema con variazioni» for stort orkester (1925), «Passacaglia» (1927) og «Symfoni i d-moll» (1943). Han har og laga ein del scenemusikk. Såleis musikk til «Driftekaren» i 1938, «Kong Baldevins armring» ein barnekomedie i 1935, til «Mennesket» eit dramatisk dikt av Henrik Wergeland i 1945, og til «Robin Hood» eit skodespel av Hagerup Bull skrivi og framført i 1945.

Ludvig Irgens Jensen er vel kjend i utlandet og har vori spela på mange musikkfestar. Serleg har kapellmeister Odd Grüner-Hegge og professor Issay Dobrowen ofte hatt verka hans på programmet. Mellom anna har professor Dobrowen ført fram «Passacaglia» i New York, Philadelphia og San Francisco.

«Heimferd» og Symfoni i d-moll vann baa 1. prisen i komponisttevlingar. Passacaglia 2. pris i den nordiske seksjonen av Schuberttevlinga i 1928.

Ludvig Irgens Jensen er fødd i Oslo i 1894, tok studenteksamen 1913 og dreiv eit par år filologiske og filosofiske studiar, før han heilt gav seg musikken i vald.



## Olav Gullvåg.

Då forfatteren Olav Gullvåg i 1930 vann fyrste prisen i tevlinga til Olavsjubileet med teksta til «Heimferd», var det ikkje eit ukjent diktarnamn som vart dregi fram i ljuset. Olav Gullvåg hadde då ein stor og blanda forfattarskap bak seg.

Vi skal fyrst nemne diktsamlingane hans: «Song i storm», «På tvomannshand», «På viddene», «Bak blånane» og «Villvin». I 1924 vart skodespelet hans «Den lange notti» ført fram på Det Norske Teatret og i 1929 på Den Nationale Scene i Bergen.

Elles er dei seinare romanane hans «Det byrja ei jonsoknatt», «Kongens nåde», «Halvmåneblåsaren» og «Sigerhuva» mykje lesne her i landet, og dei er og komne ut på ymse framande mål.

Olav Gullvåg er fødd i 1885 i Trondheim. Han var journalist i mange år og vart i 1911 bladstyrar i Ålesund. Elles var det i «Spegjelen» (seinare «Olsok») han fyrst syntet det sermerkte andletet sitt, m.a. som Kåre Gullveng — føljetongskrivaren. Frå 1912—1921 styrde han «Norig» i Skien og 1921—29 «Gula Tidend» i Bergen.

I 1929 drog han med heile huslyden sin på ei lang utanlandsferd, og budde halvtanna år i Italia. Mange vil og kjenne han frå ei rekkje kringkastingskåseri og frå taler i lag og lyd.

· KÅPER - DRAKTER - KJOLER - PELS ·



O. Nilsen

GRENSER · 17



# MUSIK- KONSERVATORIET

NORD. BRUNSGT. 8 - OSLO - TLF. 4201 37

Utdannelse på alle stadier i sang, spill, tale og teori

Vårhalvår og høsthalvår — Forlang plan



*Odd Grüner-Hegge*



*Bjarne Buntz*



## NOREGS BOKLAG

Bokhandel — Papirhandel

Bøndernes hus · Telefon 331374 · 331402

# URD

*leses av hele familien!*

Som gave —  
en god idé!

Presentkort kr. 13,— pr. år.

Eksp.: Øvre Slottsgate 21. Telefon 42 02 16



*Fanny Elsta*



*Randi Helseth*

*Alt i blomster*

TIL ALLE TIDER

**RINGSTAD & JØRGENSEN**

TORDENSKJOLDSGATE 2





**A. DOLVE**

MÅLARFORRETNING  
OSLO — AKER

Merk: Ver ute i tide med å tinga det målararbeid De har tenkt utført i 1947, då arbeidskapasiteten er begrensa. Tlf. 37 11 15 — 37 52 55



*John Neergaard*



*Marit Isene*

**P. Hellerud**

Jacob Aallsgate 14, Oslo  
Telefon 44 40 30

**Allslags byggjearbeid**

# HEIMFERD

Dramatisk symfoni i 3 akter (8 bilete).

Musikk av *Ludvig Irgens Jensen*.

Tekst av *Olav Gullvåg*.

Lagd til rette og sett i scene av *Hans Jacob Nilsen*.

Dekorasjonane av *Arne Walentin*.

Den musikalske leiinga ved kapellmeister *Odd Grüner-Hegge*.

Personane (etter som dei kjem inn på scenen):

Skalden .....	Øystein Frantzen
Offergoden .....	John Neergaard
Skuld .....	Marit Isene
Kongen .....	Bjarne Buntz
Stallaren .....	Egil Nordsjø
Biskopen .....	Alf Dyrnes
Svartalv .....	Fanny Elsta
Bjartalv .....	Randi Helseth
Fyrste bonde .....	Alf Dyrnes
Andre bonde .....	Egil Nordsjø
Attergangaren .....	Øystein Frantzen
Ein prest .....	Egil Nordsjø
Korgutar .....	{ Randi Helseth Fanny Elsta

Folkemugen, krigarar, kongsmenn, prestar og korgutar.

Korreografi: Krigsdans (skuggespel) ved Jorunn Thorbjørnsen.

## Inndeling:

1. akt. 1. Advent. 2. Kongen.

2. akt. 1. Fråfallet. 2. Kongen i utlegd. 3. Heimferd.

3. akt. 1. Kong Olav drøymer om kyrkja. 2. Stiklestad. 3. Postludium.

Filharmonisk Selskaps Orkester. Kor frå Norsk Operaforbund.

12. min. opphald mellom aktene.

## «Heimferd.»

### *Fyrste akt.*

Fyrste bolken, *Advent*, gjev eit bilete av det store åndelege tidskiftet på den tida Olav den heilage kom til landet, brytinga mellom gamle og nye ideal, striden mellom Tor og Kvite Krist. Folket er samla til blot på ein gamal offerstad, men det er modlaust. «Kjem ikkje Balder att?» ropar dei. Vonlaust kling dvergmålet langt bortanfrå: «Alder att». Men no set skalden trua si på ei ny tid opp mot vonløysa. Offergoden som er trufast målsmann for åsatrua, åtvarar mot å krenkje dei gamle gudane. Han vil kalle fortida fram att, i redsle for at framtida blir undergangen for gudane. Eit uver bryt laust, og i uveret openberrar Skuld seg, åsynja som rår for framtida. Ho forkynner at det gamle må falle, men Yggdrasil, livstreet, vil grøsa mykje friskare fram av det. Folket samlar seg om henne i tillit til framtida.

Musikken fører så over til neste bilete: *Kongen*. Medan fyrste biletet er å sjå som eit førespel i allegorisk form, er dette meir realistisk. Scenen er ei norsk bygd, nær kysten. Lurtonar langt bortanfrå kling og folk strøymer til. Dei har høyrte gjeti Olav Haraldsson og gler seg til å sjå den nye vikingkongen — ein konge etter deira hug. Skalden kved at no blir det ljøs over landet. Men offergoden svarar han med spott og vonde spådomar. Han blir likevel målbunden av skalden som kved ei dråpe om Olav og frægdarverka hans. Kongen kjem, i ein storm av fagningsrop frå mennene sine, men der han skal stige fram for folket får han ei vitring om lagnaden sin: Skuld openberrar seg for han. Kongen helsar hovdingane. Han gjer greie for ætta si og kva han har sett seg føre: Godt vil eg godtfolk. Vondt vil eg vondt og vesalt. Med lov vil eg gjera lyden sterk og med Kristi Kross kryna Haralds verk.» Kongsskapnaden er musikalsk skildra med tonebilete som teiknar både herskaren og profeten. Med sin milde og opphøgde karakter står desse tonebileta kvast mot offergoden som atter er ute med spottord, mistru, ja beint fram trugsmål. Men han blir avduka. Han er muta av fienden: Store-Knutsgullet skin om hans arm, slengjer skalden ut mot han i logande harme. Kongen byd folket velja mellom Knut og honom. Bispen med fylgje av prestar og korgutar skrid syngjande rundt den gamle offerstaden og vigslar plassen til kyrkjebygg.

### Andre akt.

Fyrste bolken, *Fråfallet*, blir innleidd med eit symfonisk førespel der det sakrale kongsmotivet står klårt mot kvast hoggande stridsmotiv — dei stae bøndene som gjer motstand. Til sist stel Store-Knutsmotivet seg inn og får overtaket. Så fylgjer ein scene mellom skalden og offergoden. Skalden spør etter kongen, og med spott og vond glede fortel goden at kongen har rømt or landet. «Sviken var han av alle sine, som han sine hev svike.» Dei vondlyndte steva sine strekar goden under med å bruke dei gamle religiøse motiva, tilrengde på spottande vis. Goden og skalden freistar døyve kvarandre med stridsstev, det er ufred og strid i landet.


Med det same fylgjer neste bilete: *Kongen i utlegd*. Det er vinter i Gardarike, kongen har dregi seg attende til einsemda. Hugen svingar mellom hemntankar (Svartalv) og tilgjevande skjønsemd mot folket (Bjartalv). Han tvilar på seg sjølv og vedgår at han har misfari seg. No gjev han seg Gud i vald, men bed for landet. Då får han eit syn, ein mann i skinande rustning bed han draga heim, landet treng honom. Konge skal han vera der i æveleg tid. Han får nytt mod då stallaren verkeleg kjem med bodet: Konge, landet kallar. Endå ein gong kjem Svartalv med sin tvil, medan Bjartalv syng i tiltru og vonnisse. Langt bortanfrå kling eit Sanctus som ei innviing.

*Heimferd*: Ei fele fører oss med lette slåtteleikar heim att til Noreg. Fleire instrument fell inn etter kvart, ein høyrer hovslag og tramp av hundretals hestar og kongsfolk. Om frammarsjen deira fortel koret til naturskildringa frå orkesteret. Kongen er fāmælt. I eit langsyn ligg heile landet framfor han. Han høyrer klokkene kalle, ser folket draga til kyrkje. Det kveldar, heren slær læger og går til ro.


### Tredje akt.

*Stiklestad*: Det er natt, kongen drøymer. Han høyrer ei messe, fyrst Kyrie, så Gloria som stig lik ei jublande hymne til den sigrande, samlande kyrkja. Så svingar draumen, kyrierop høyrer ein atter, til sist langt borte. Dagen renn. Skalden vaknar, kved det gamle Bjar-kemål, og heren røystar med, full av mod og stridslyst. Då lèt håse hornskrellar langt unna, og då kongsmennene ser den ovsterke bondeheren, skjønar dei at det er lite von om siger. Skalden oppmodar kongen til å svi av gardane og på den måten spreie bondeheren, men kongen vil ikkje. Han vil vinne med reine våpen. Frimodige går mennene i slaget, til «fallet som fører til siger».

I *Postludium* til slutt stig fagninga frå ættene fram for Heilage Olavs skrin i Nidarosdomen.



Scenebilete frå «Heimferd» 1. akt



*Manglende deler lages*

*Restaurering av kunstgjenstander*

Telefon 33 08 03 —

**„Kunstliming“**

St. Olavsgt. 31, Oslo

## Et ønskevennskap!

Hos oss vil De sikkert finne det! Alle aldre. Alle samfunnslag. Skriv til oss og oppgi Deres alder og ønsker.

GRATIS BROSJYRE — DISKRESJON

# SKANDINAVISK BREVKLUBB

POSTBOKS 3022 — OSLO



Øystein Frantzen



Egil Nordsjø

De siste modeller i lampeskjermer utføres.  
Stativer lages etter mål. Montering av lamper. Søm av gardiner. 1. klasses arbeide.

## EVA HARTMANN

Kirkegaten 12

Telefon 41 12 55

## «Heimferd» på scenen.

Som det vil vera kjent vart det til 900-årsjubileet i Trondheim i 1930 bedi inn til tevling om eit verk til framføring under jubileet. Komponisten Ludvig Irgens Jensen og forfattaren Olav Gullvåg vann fyrste prisen med den dramatiske symfoni «Heimferd». Verket vart ein stor suksess både for komponist og forfattar. Det gjekk 11 gonger for utselt hus i ein sesong ved Filharmonisk Selskap i Oslo.

Så var det sumaren 1941 at Sverre Hagerup Bull drøfte planen om «Heimferd» som opera med teatersjef Hans Jacob Nilsen. Hagerup Bull meinte det måtte høve godt for scenen. Titelen «Dramatisk symfoni» peikar og rett på dette. Hans Jacob Nilsen vart oppglødd for ideen og tok til å arbeide med han utover hausten i stadig samråding med Irgens Jensen. Tanken var at det skulle bli ei helsing til kongen når han kom att til landet.

Hagerup-Bull og Hans Jacob Nilsen tok seinare opp arbeidet i Sverige. Operasjef Harald André og professor Dobrowen fann at ver-

De første norske grammofoninnspillingene av 2 av

### Edvard Grieg's fiolinsonater

F-dur op. 8  
(E 15072/73)

og

G-dur op. 13  
(E 15070/71)

Spilt av **Alf Sjøen** (fiolin) og **Hans Solum** (piano)

fåes på

# MUSICA

GRAMMOFONPLATER

- hos landets musikkhandlere. -

## Skal De leie festklær

RING

### Vålerengen Festklærbyrå

Hedemarksgt. 10

Telefon 68 08 62

ket var av høy kvalitet og vel skikka for scenen, og operasjefen kasta fram tanken om å ta det opp på operaen i Stockholm for å gjeste med framføringa i Oslo så snart landet vart fritt. Men det var uråd å få tilfanget ferdig.

Her heime var det ikkje råd å føre operaen fram utan økonomisk stønad, men norsk operafond har no gått inn heilt og fullt for saka og har gjevi den stønaden som trongst til at framføringa kunne få dei beste krefter.

Norsk Riksringkasting har synt stor interesse for verket, og like eins har teatret fått stønad frå ein privatmann.

Tekst og musikk er i det heile som før.

## Elektriske installasjoner

Motoranlegg — Varmeanlegg

Lysanlegg — Ringeanlegg

### H. TORGENSEN

Tordenskjoldsgt. 12

Tlf. 41 08 18



Pusteøvelser — Afasi — Hørstumhet — Stamhet

Stemmebruk

Poesi - prosa

off. elevaftener

**Asbjørg Dahl Elvestrand**

Diplom 1936 Kjøbenhavn


BARN OG VOKSNE

lesping

utalefeil

anb. av leger

Skriftlig innmeldelse: Frognervn. 15. Privattelefon 44 56 96, sikrest å treffe morgen  
p.g.a. undervisningsrom uten telefon annetsteds.



Alf Dyrnes



Arne Walentin

**NORSKE GUTTER**




Bladet for alle gutter siden 1898

Spennende fortellinger - Lærerike artikler.  
Godt stoff for gutter fra perm til perm.  
Utkommer hver 14. dag. Abonnement  
kr. 10,- pr. år — kr. 5,- pr. halvår.  
Tinges på alle postkontorer eller direkte.

**NORSKE GUTTERS FORLAG**

Postboks 557 — Oslo — Fred Olsensgt. 5

Telefon 41 3474



Scenebilete frå «Heimferd» 3. akt



Vi lager drops, dersom De har kvitt sukker.  
Kort leveringsfrist. Minste kvantum 250 gr.

*Leidulo Lothe*

Nils Juelsgt. 70

Kom innom eller ring 44 47 29

Livsforsikringselskapet

*Sparetrygden A.s*

Fridtjof Nansens pl. 4, Oslo

Telefon. Sentralbord 41 56 32

*Nerdrum og Thorkildsen*

BOKBINDERI

Akersgaten 7

Telefon 42 01 70

SPORTSUTSTYR

kjøper De best  
og billegast hjå

BJØRNDALENS SPORTSFORRETNING

MARKVEIEN 58

OSLO

TELEFON 37 00 69

